


Til: Naboar, heimelshavarar og aktuelle offentlege instansar.

Dato: 04.03.2016
Vår ref: May-Britt Drage Bakke

Varsel om oppstart for detaljreguleringsplan - del av Raudeberg sentrum

I samsvar med plan- og bygningslova sin § 12-8 blir det med dette varsla oppstart av *detaljregulering for kulturhus, næring og kontor på gbnr: 119/15, 119/25, 119/218, 119/320 og 119/435 på Raudeberg*, i Vågsøy kommune

Oppdragsgjevar er Maritim Park AS og Nord-Vågsøy kulturhus SA.



Kart som syner om lag avgrensing av planframlegget (skravert område). Planområdet ligg sentralt i bygda Raudeberg i Vågsøy kommune. Planavgrensinga kan bli noko justert i løpet av planprosessen.

Planen omfattar mellom anna gbnr. 119/320, 119/15 og 119/435, samt delar av 119/218 og 119/25. Fylkesveg 617 er òg del av planen, samt noko tilleggsareal vest for vegen i den aktuelle strekninga.

Planområdet er på om lag 12 daa.

Planstatus:

Området er i gjeldande kommuneplan og eldre reguleringsplan frå 1993 vist som mellom anna eksisterande industriområde, hamneformål og parkeringsareal. Ønska føremål er ikkje i samsvar med gjeldande plan.

Eksisterande avkjørsel til bygg på gbnr. 119/320 er lokalisert lengre sør enn det som er teikna inn på gjeldande plankart. Ny plan vil vidareføre etablert avkjørsel i sørvest. Då denne ikkje syner på grunnlagskartet, vil det vere behov for oppmåling av nemnte avkjørsel.



Utsnitt frå gjeldande plan for Raudeberg sentrum, planID 1439 199305.

Aktuelle føremål

Det er på dette tidspunkt planlagd følgjande tiltak innanfor planområdet:

Gbnr. 119/320/ Maritim Park-bygget: Nord-Vågsøy kulturhus SA (NVK) og Maritim Park (MP) ønskjer å regulere bygget til eksisterande bruk (kontor, lager, frysehotell, lettare industri og catering), samt opne for kulturhus. Aktuelt føremål for nemnte bygg blir med dette «*Kombinert bebyggelse og anleggsformål*» med opning for privat tenesteyting (kulturhus), parkering i del av 1. etasje, catering (næring), industri, kontor og lager (MP). Bygget har ei grunnflate på om lag 2000 m².


Gbnr. 119/25: Området er i dag brukt til parkering, noko ein ønskjer å vidareføre på bakkenivå. I tillegg vil plan opne for bygg på inntil 4 etasjar.

Gbnr. 119/435: Gjeldande kombinert føremål på gbnr. 119/435 er merkantilt/bustad, som på dette tidspunkt er planlagt å vidareføre i ny reguleringsplan.

I sjø: Aust for eksisterande bygg på gbnr. 119/320 er det planlagt fylling i sjø, som omfattar om lag 2,2 daa. Vidare nord til Raudeberg molo er det tenkt fylling. Fyllingsfronten vil bli utvida med om lag 10 meter aust for bygg på gbnr. 119/320.

Parkering: Oppdragsgjevar ønskjer å legge til rette for parkering på grunnen innanfor gbnr. 119/15 og 119/25, samt på delar av framtidig fylling i sjø. Ein vil i planarbeidet legge føringar for parkeringskrav og lokalisering av p-plassar for dei ulike føremåla.

Tilkomst: Avkøyrslar skal vere i samsvar med Statens vegvesen si handbok N100. Eksisterande avkøyrslar innanfor gbnr. 119/320 vil bli vidareført i planen. Denne er markert med bokstav A i biletet nedanfor. Det kan bli aktuelt å endre eksisterande nordlege avkøyrslar, som er i dag lokalisert på gbnr. 119/218 (bokstav B). Det vil i planprosessen bli vurdert om det kan vere ei betre løysing å flytte avkøyrsla lengre sør, innanfor gbnr. 119/15, då oppdragsgjevar ønskjer å legge til rette for tilkomst for semitrailer.



Flyfoto over planområdet. Eksisterande avkøyrslar er markert med bokstav A og B.

Tilrettelegging for kollektivtrafikk: I eksisterande plan er det regulert inn 2 busslommer langs fylkesvegen innanfor planområdet. Grunna utfordringar knytt til vegbredde, samt fartsgrense på

50 km/t, vil ein i planen vurdere moglegheiter for å vidareføre desse i form av kantstopp (jf. Handbok V123). Ein vil i tillegg vurdere moglegheitene for å etablere eit område for «kiss-and-ride» (av- og påstiging frå bil) i nærleiken av hovudinngangen til bygget på gbnr 119/320.

Fortau: Kommunen har mellom anna stilt krav om at det skal vere tosidig fortau langs fylkesvegen. På austsida av vegen må fortau ha minimum 2,5 meter breidde utan hindring i form av t.d. faste ramper og trapp.

Risiko og sårbarheit

Det vil bli utarbeidd risiko- og sårbarheitsanalyse, der mellom anna trafikktryggleik og naturrisiko er viktige tema. Planen skal vise omsyn til klimaendringar som t.d. havnivåstigning og stormflo.

Det er ikkje planlagt oppføring av nye bygg innanfor aktsemdområde for skred.

Planen vil òg vurdere tiltak opp mot naturmangfaldlova.

Konsekvensutgreiing

Planen skal ikkje konsekvensutgreiast (KU), då tiltak ikkje utløyse krav i samsvar med KU-forskrifta §§ 2, 3 og 4.

Vidare saksgang

Publikum og aktuelle partar har rett til å kome med innspel/merknader ved oppstart av reguleringsarbeidet. Alle innkomne merknader vil bli vurdert og kommentert i saksframstillinga. Planforslaget skal handsamast av Vågsøy kommune, som legg planen ut til offentleg ettersyn i minimum 6 veker.

Publikum og aktuelle partar har òg rett til å uttale seg om saka ved offentleg ettersyn. Kommunen varslar partar saka vedkjem skriftleg, samt kunngjer offentleg ettersyn i Fjordenes Tidende.

Frist for innsending av merknader

Eventuelle innspel og merknader til planarbeidet skal vere skriftlege og kan sendast til Nordplan AS, PB. 224, 6771 Nordfjordeid eller på e-post til mb@nordplan.no.

Merknadsfrist: 08.04.2016

Spørsmål kan rettast til Nordplan AS v/arealplanleggar May-Britt Drage Bakke tlf. 940 27 464

Med helsing
for Nordplan AS

May-Britt Drage Bakke

Høyringsinstansar som er varsla:

Kystverket vest	post@kystverket.no
Nordfjord Havn IKS	trond.garshol@nordfjordhavn.no
Statens vegvesen	firmapost-vest@vegvesen.no
Fiskeridirektoratet region vest	postmottak@fiskeridir.no
Bergen sjøfartsmuseum	Eva.Brekkan@sjofartsmuseum.no
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	post@fmsf.no
Norges Vassdrags- og Energidirektorat, Region Vest, NVE	rv@nve.no
Sogn og Fjordane Energi, SFE	post@sfe.no
Sogn og Fjordane fylkeskommune, plan- og samfunnsavdelinga	postmottak.sentraladm@sfj.no
Sogn og Fjordane fylkeskommune, kulturavdelinga	postmottak.kultur@sfj.no
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane	l-hjelme@online.no
Sogn og Fjordane Fiskarlag	sognfjordane@fiskarlaget.no
Barne- og unge sin representant v/ Dagny Ann Gangeskar Paris	dagny.paris@vagsoy.kommune.no
Ungdomsrådet v/Aurora Sofie Brekke Bergh	Privat adresse
Nordfjord miljøverk, NOMIL	post@nomil.no
Eldreråd v/Nils Holvik	Privat adresse
Kommuneråd for funksjonshemma v/Jan Helge Oksholen	Privat adresse
Folkehelsekoordinator v/Birte Sandal	birte.sandal@vagsoy.kommune.no
Tenesteleiar Kultur	odd.gunnar.myhre@vagsoy.kommune.no
Tenesteleiar Drift og anlegg	ingvald.tennebo@vagsoy.kommune.no
Tenesteleiar Eigedom	frode.weltzien@vagsoy.kommune.no
Norges Handikapforbund Nord Vest	nhf@nhf.no
Norges Blindeforbund	sogn.og.fjordane@blindeforbundet.no

Grunneigarar og heimelshavarar:

Bjørn Eide	Knut Aleksander Refvik
Maritim Park AS	Domstein Eigedom AS
Liv Vestgård Helldal	Asgeir Berg
Renè Berg Petersen	Erna Berg
Oddny Andal	Vågsøy kommune
Einy Kleiven Berg	Hermund Bredesen
Kystkulturlaget i Vågsøy	